

Avtale mellom

XXX kommune og Helse Førde HF

**Samarbeid om LIS1- og LIS3-teneste
for legar**

Avtale om samarbeid om LIS (lege i spesialisering) teneste for legar i Helse Førde og kommunane i Helse Førde sitt opptaksområde

1. Partar

Avtalen er inngått mellom XXX kommune og Helse Førde HF.

2. Bakgrunn

Avtala er heimla i forskrift om spesialistutdanning og spesialistgodkjenning (spesialistforskrifta).

FOR-2016-12-08-1482 Helse- og omsorgsdepartementet. Fastsatt av Helse- og omsorgsdepartementet 8. desember 2016 med hjemmel i lov 2. juli 1999 nr. 61 om spesialisthelsetjenesten m.m. (spesialisthelsetjenesteloven) § 3-5, lov 2. juli 1999 nr. 64 om helsepersonell m.v. (helsepersonelloven) § 51 og lov 24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. (helse- og omsorgstjenesteloven) § 8-1.

Kapittel 1. Innledende bestemmelser

§ 2. Spesialistutdanningen for leger

Utdanningens første del består av klinisk praksis i tolv måneder i spesialisthelsetjenesten og deretter seks måneder i den kommunale helse- og omsorgstjenesten. Utdanningens andre del omfatter læringsaktiviteter som skal gi felles kunnskap for noen av spesialitetene. Utdanningens tredje del omfatter spesialitetsspesifikke læringsaktiviteter for hver enkelt spesialitet, enten direkte etter første del eller etter andre del.

Kapittel 2. Roller og ansvar i spesialistutdanningen for leger

§ 4 De regionale helseforetakene

De regionale helseforetakene skal også legge til rette for at leger i spesialisering i allmennmedisin, kan få nødvendig praktisk tjeneste i spesialisthelsetjenesten.

Hovudelement i LIS1-ordning for legar:

- Ordninga er søknadsbasert i tråd med arbeidslivet sine reglar.
- Alle som har (eller kvalifisera for) autorisasjon eller LIS-lisens, og som ikkje tidlegare har gjennomført norsk LIS1-teneste, kan søke stillingane.
- LIS1-stillingane er tidsavgrensa og kopla mellom helseføretak og bestemte kommunar. Teneste for legar er 18 månader, med 12 månader i sjukehus og 6 månader i kommunehelseteneste.
- Ledige LIS1-stillingar skal lysast ut sentralt gjennom Helsedirektoratet sin portal, og tilsetjast lokalt i helseføretak og kommunar.
- For å få godkjent LIS1-teneste, må legen ha søkt LIS1-stillinga gjennom Helse-direktoratet sin portal. Ingen andre tilsetjingsformer kvalifisera for godkjent LIS1-teneste.

3. Føremål

- Legge til rette for at LIS1 gjennom arbeid som lege under særskilt rettleiing, opplæring og observasjon skal få naudsynt erfaring og praktisk rutine for å sjølvstendig kunne utføre eiga legeverksemd på ein forsvarleg måte.
- Bidra til å sikre framtidig rekruttering av legar til helse- og omsorgstenestene i Helse Førde sitt opptaksområde gjennom eit samarbeid mellom partane som kan danne grunnlag for ei god samla LIS1-teneste og utdanning av spesialistar i allmennmedisin.

4. Ansvarsfordeling

Helsedirektoratet

Helsedirektoratet har det overordna ansvaret for den nye LIS-ordninga for legar. Helsedirektoratet har også det administrative og praktiske arbeidet med portalen. Helsedirektoratet fastset kor mange Lis1-stillingar som skal opprettast i helseføretak og i kommunane.

Direktoratet fordeler tal LIS1-stillingar i helseføretak til kvar av dei regionale helseføretaka. Dei regionale helseføretaka fordeler så det tildelte tal LIS1-stillingar innan helseregionen til helseføretaka.

Fylkesmannen

Det enkelte fylkesmannsembete har ansvaret for å opprette og godkjenne LIS1 - stillingar i kommunehelsetenesta, og skal hjelpe helseføretak og kommunar i sitt fylke i arbeidet med kopling av stillingane.

Helseføretak og kommune

Helseføretak og kommune har eit felles ansvar for tilsetjing av LIS1. Forskrifta pålegg partane i samarbeid å lyse ut stillingar kopla, slik at den som vert tilsett får anledning til å gjennomføre ei samla LIS1-teneste.

Helseføretaket har arbeidsgjevaransvaret for LIS1 når dei er tilsett i helseføretaket, og kommunane har arbeidsgjevaransvaret for LIS1 når dei er tilsett i kommunen. Teneste i kommunehelsetenesta kan ikkje startast før sjukehusturnus er godkjent. Dokumentasjon på godkjent sjukehusteneste skal visast fram til personleg rettleiar i kommunen før tenesta i kommunen kan startast.

5. Kopling av stilling i Helse Førde og kommunar i Helse Førde sitt opptaksområde

Søkjarene blir først tilsett i ei stilling ved eitt av dei tre somatiske sjukehusa i Helse Førde. Søkjaren får deretter rett til tilsetjing i ein av kommunane i føretaket sitt opptaksområde som føretaket samarbeider med og som er knytt til sjukehuset ved utlysinga. Søkjaren skal få tilsetjing i kommune og melding om det totale løpet innan 3 månader før teneste i kommunen starter.

Helseføretaket har ikkje ansvar for at det vert tilgjengeleg LIS1 til alle samarbeidskommunane til ei kvar tid. Årsak kan vere ikkje fullført/godkjent teneste, avbrot grunna graviditet/fødsel etc. LIS1 som får permisjon på grunn av svangerskap, foreldreperiode eller langvarig sjukdom, skal få tilbod om LIS1-teneste i kommunen utan utlysing når stilling blir ledig. Dersom permisjon blir gitt før tilsetjing i kommune, avgjer felles

arbeidsgruppe nedsett av partane kven av dei samarbeidande kommunane som skal tilby ledig stilling til legen.

6. Kriterium ved tilsetjing av LIS1

Den best kvalifiserte søkjaren skal veljast ut frå ei heilskapleg vurdering.

Følgjande vil bli vektlagt:

- Utdanning
- Erfaring
- Personlege eigenskapar
- Språk
- Kjennskap til norsk helsevesen og norsk regelverk
- Ved elles like kvalifikasjonar kan lokal tilknyting og lokal praksis telje

7. Rettleiing av LIS1 og utdanning av rettleiarar

Rettleiingsfunksjonen er ein viktig del av LIS1-opplæringa. Alle LIS1 får tildelt ein personleg rettleiar ved oppstart av tenesta på dei ulike avdelingane i helseføretaket. Helse Førde har kurs i rettleiingspedagogikk for sine rettleiarar.

LIS1 får tilbod om eit introduksjonsprogram i samband med oppstart i helseføretaket.

Fylkesmannen tilbyr LIS1-kurs i akuttmedisin.

Alle LIS1 får tildelt ein personleg rettleiar i tenesta i kommunen. Fylkesmannen har ansvar for kurs i rettleiingspedagogikk for rettleiarar i kommunane og for grupperettleiing av LIS1. I tillegg arrangerer Fylkesmannen halvårlege kurs for LIS (legar, fysioterapeutar og kiropraktorar) som tek opp samfunns- medisinske emne og går over to dagar.

8. Prosess ved utlysing og tilsetjing av LIS1

Helse Førde lyser ut 18 LIS1-stillingar kvart halvår i portalen. Endringar i dette talet må avtalast gjennom det ordinære tildelingsløpet.

Modell for kopling og gjennomføring av utlysing skal skje etter drøfting mellom Helse Førde og oppnemnde representantar frå KS. Fylkesmannen kan etter avtale også medverke.

Det blir gjennomført utlysing av stillingane med ei annonse som omtalar stillingar /tilsettingar i Helse Førde og dei aktuelle kommunane i Helse Førde sitt opptaksområde.

Stillingane i Helse Førde er i utgangspunktet fordelte slik (dette kan bli endra):

- a) Hovudteneste ved Nordfjord sjukehus (kirurgisk/ortopedisk del 6 månadar. ved Førde sentralsjukehus). 6 LIS1-stillingar.
- b) Hovudteneste ved Lærdal sjukehus (kirurgisk teneste 3 månadar. ved Førde sentralsjukehus). 4 LIS1-stillingar.
- c) Hovudteneste ved Førde sentralsjukehus: 8 LIS1-stillingar.

Dersom det er fleire LIS1-plassar i kommunane enn det er LIS1-stillingar i Helse Førde, skal dei overskytande få tildelt LIS1 etter avtale med Helse Møre og Romsdal. Kva kommunar som ikkje skal delta i utlysinga, men få tildelt LIS1 på denne måten, vert avgjort i tildelingsmøte for kommunane.

Søkjarane har høve til å gi melding om kva type teneste (2-delt eller 3-delt med psykiatri) dei ønskjer i Helse Førde og kva kommune dei ønskjer LIS1-stilling i.

Helse Førde gjennomfører ei første vurdering av søkjarane ut frå vanlege arbeidsrettslege prinsipp og fastsette kriterium, jf. pkt. 6. Fastlege frå samhandlingsfora er med i vurderinga.

KS nemner opp representantar frå kommunane til å delta i dei vidare vurderingane i samband med tilsetjing i helseføretaket.

Ein tillitsvald i helseføretaket deltek i heile tilsetjingsprosessen.

Ved fordeling av LIS1 til dei aktuelle kommunane i området skal KS nemne opp representantar for kommunane.

Stillingar som ikkje er besette vil ved behov bli utlyste fortløpande som «restplass» i portalen.

Det blir sendt ut tilbod til dei som står øvst på innstillingslista. Tilboda skal utsendast koordinert same dag for alle stillingar i portalen, og alle kandidatar har same frist til å svare.

Helse Førde peiker ut koordinator/kontaktperson for prosessane som Helse Førde skal ta ansvar for etter denne avtalen:

- igangsetting av utlysings- og tilsettings- prosessane til rett tid gjennom året
- tilsettingar i Helse Førde og naudsynt oppfølging og informasjon m.m.
- varslar kommunal kontaktperson og lyser ut vikarstilling/restplass.

Kommunal kontaktperson syter for:

- innkalling til møte for fordeling av LIS1 på kommunar

- utsending av meldingar til kandidatane og oppfølging av spørsmål knytt til fordeling

Den enkelte kommune har ansvar for arbeidskontrakt til LIS1 og ivaretaking av det vidare arbeidsgjevaransvaret.

9. Samarbeid kring LIS 3 i allmennmedisin og/eller samfunnsmedisin

Dei regionale helseføretaka skal legge til rette for at legar i spesialisering kan få nødvendig praktisk teneste i spesialisthelsetenesta.

Helse Førde vil også legge til rette for at kommunane, i føretaket sitt opptaksområde, vert registrerte som utdanningsverksemd for spesialitetane.

Helse Førde vil legge til rette for å stette krava i *Forskrift om spesialistutdanning og spesialistgodkjenning for leger og tannleger (spesialistforskriften)*

Eksempelvis: forskning, kommunikasjon/samarbeid, institusjonsteneste, klinisk arbeid, samhandling.

Det kan lagast meir detaljert avtale for den einskilde utdanningskandidat med bakgrunn i denne rammeavtalen.

Alle LIS3 får tildelt personleg rettleiar ved oppstart av tenesta på dei ulike avdelingane i helseføretaket.

10. Evaluering og kvalitetsutvikling

Partane skal møtast kvart 2. år for evaluering og vurdering av forbetringar i ordninga.

11. Forholdet til rammeavtala

Føresegner i rammeavtale mellom kommunen og Helse Førde gjeld tilsvarande for denne avtalen. Gjennom dette vert ivaretaking av brukarmedverknad også definert for denne avtalen. Ved motstrid mellom denne avtalen og rammeavtalen, går rammeavtalen føre.

12. Handtering av usemje

Usemje skal partane handsame etter reglane i rammeavtalen.

13. Misleghald

Dersom ein av partane misligheld sin del av avtalen med vedlegg, og dette påfører den andre parten dokumenterte tap, kan tapet bli kravd dekkja av den som mislegheld avtalen.

14. Avtaletid, revisjon og oppseiing

Avtalen trer i kraft frå 01.07.2020, og gjeld fram til ein av partane seier opp avtalen med eitt års oppseiingsfrist, jf. helse- og omsorgstenestelova § 6-5 andre ledd.

Partane er samde om å gjennomgå avtalen innan desember kvart år og syte for jamleg rapportering og evaluering.

Kvar av partane kan krevje avtalen revidert dersom vesentlege føresetnader for avtalen blir endra.

Dato

XXX kommune

Arve Varden – adm. Direktør
Helse Førde HF